



Vestlandsfanden spelte opp til sitt gode namn og rykte på låvedansen. Det var fullt trykk frå dei gjekk på scenen til siste melodi med Vi skal plukka plommer i Hardanger.

Det som særmerker Reidar Brendeland er for det meste gode tekstar framført på norsk med eit lokalt tilsnitt. Til tider i konserten var det god allsong og dei 500 framømte koste seg i den vakre sommarkvelden.

Reidar Brendeland er lokalt kjend i Kvinnherad. Han har i si lange artisttid spelt på Helgheim, på Uskedalsdagane, i Rosendal og på Husnes. Han legg inn gode historiar og publikum kjenner seg att. Dette skaper nærleik og identitet til det som vert framført.

Gjennomgangstonen slik vi ser det, kan samanfattast i melodien: Det er her vi hørre til. Det er her vi vil bu. Ein annan kjend song er Du vente på meg.

Med smelteverksindustrien på Husnes som bakgrunn slår tekstane henta frå industrimiljøet i Sauda godt til i Kvinnherad. Unge og eldre likar desse tekstane og syng med.

Konserten og dansen med Vestlandsfanden er truleg den beste låvedansen som har vore på Dønhaug til no.

Vi ser fram til eit nytt besøk av Reidar Brendeland og bandet hans.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal

